



Kommunikasjonsrådgjevar ved Bergen senter for etikk og prioritering i helse (BCEPS)

Kommunikasjonsrådgjevar ved Bergen senter for etikk og prioritering (BCEPS)

Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://youtu.be/vtJLmcUJ3-w>

Rådgjevar

Me ønskjer å vera i fronten av moderne vitenskapskommunikasjon - er du den som kan hjelpa oss å komma dit?

Ved Det medisinske fakultetet, Institutt for global helse og samfunnsmedisin, er det ledig ein 100% fast stilling som kommunikasjonsrådgjevar ved Bergen senter for etikk og prioritering i helse (BCEPS). BCEPS har fått status som Senter for framifrå forskning (SFF/CoE) frå 1. september 2023.

Norske senter for framifrå forskning blir finansiert av Noregs forskingsråd og har som mål å gi dei beste forskarane i Noreg sjansen til å oppnå ambisiøse vitskapelege mål igjennom samarbeid. Forskinga som blir utført ved sentera skal vere nyskapande og ha potensial til å generere banebrytande resultat som fremjar den internasjonale forskingsfronten. BCEPS har eksistert sidan 2019 og er allereie involvert i eit breitt spekter nasjonale og internasjonale forskingsaktivitetar (sjå BCEPS-PROSJEKT). Som eit Senter for framifrå forskning vil det byggje vidare på dette grunnlaget med mål om å bli eit verdslieande forskingsmiljø som er i stand til å utvikle ei ny etisk ramme for å oppnå rettferdige prioriteringar innan helse.

Staben ved BCEPS i Bergen inkluderer professorar, seniorforskarar, postdoktorar og doktorgradsstipendiatar. BCEPS har også eit omfattande nettverk av samarbeidspartnarar, mellom anna universitet (t.d. Addis Ababa, Harvard, LSE, Muhimbili, Oslo, Washington, York), internasjonale organisasjonar (t.d. Africa CDC, Verdensbanken, WHO) og nasjonale helsestyresmakter (t.d. Etiopia, Ghana, Malawi, Nepal, Noreg, Tanzania, Zanzibar).

Kommunikasjonsrådgjivaren vil ha ansvar for kommunikasjon og formidling for å støtte arbeidet til BCEPS-forskarane både nasjonalt og internasjonalt. Dette vil krevje omfattande samhandling med forskingsmiljøet, helsepersonell og organisasjonar innan helsesektoren, i tillegg til nasjonale/internasjonale medium. Hovudarbeidsspråket ved BCEPS er engelsk.

Kommunikasjonsrådgjivaren vil rapportere til og samarbeide tett med den administrative leiaren for BCEPS i Bergen. Stillinga vil vere basert i Bergen, der kommunikasjonsrådgjivaren vil bli ein integrert del av BCEPS-miljøet og ha nærleik til BCEPS-forskarar og prosjektaktivitetar.

Arbeidsoppgåver:

- Utvikling og implementering av kommunikasjonsstrategi og handlingsplan.
- Formidling og spreing (nasjonalt og internasjonalt) av forskingsaktivitetar og resultat (t.d. pressemeldingar, mediekontakt, nettsider, sosiale medium, podkastar, bloggar og andre relevante kanalar).
- Promotering og støtte til interne og eksterne arrangement (lokalt/nasjonalt/internasjonalt).
- Koordinering av innhaldsproduksjon (skriftleg/lyd/visuelt), inkludert til undervisningsformål.
- Støtte til utarbeiding av rapportar, søknadar og liknande.
- Operativt ansvar for eksisterande og nye kommunikasjonskanalar.
- Samarbeid med kommunikasjonsmiljøet ved UiB på alle organisatoriske nivå.
- Andre oppgåver i samråd med BCEPS-senterleiinga.

Det kan verte aktuelt å leggje andre oppgåver til stillinga.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

Søklar må ha høgare utdanning innan eit relevant fagområde, minimum bachelorgrad. Lang relevant praksis kombinert med relevant etter- og vidareutdanning kan i særskilte høve kompensere for manglande formell utdanning

Andre krav til stillinga:

- Kunnskap og erfaring innan eit relevant område (t.d. formidling av forskning, vitenskapsskommunikasjon, journalistikk, nettbasert kommunikasjon, arrangementsfremjing, arrangementkampanjer, redigering av vitenskapelige tekstar/tidsskrift).
- Høg digital kompetanse, inkludert praktisk erfaring med produksjon av innhald.
- Utmerkte engelsk- og norskevner, skriftleg og munnleg.

Ønskjelege ferdigheiter for stillinga:

- Teknisk kunnskap og erfaring med videoproduksjon og/eller podkastproduksjon, inkludert redigering.
- Tidlegare røynsle frå forskings- og/eller policyområder som er relevante for BCEPS-prosjektaktivitetar (t.d. etikk, helseøkonomi, universell helseteneste, klima og helse, medisinske inngrep).
- Røynsle med Adobe-programvare (t.d. Premiere Pro, Photoshop, InDesign, Illustrator).

Den ideelle kandidaten for denne stillinga vil ha følgjande personlege eigenskapar:

- Positiv til å jobbe i eit internasjonalt og fleirkulturelt miljø.
- Kreativ og løysingsorientert.
- Motivert til å ta på seg utfordrande/komplekse oppgåver og tileigne seg nye ferdigheiter.
- Villig til å ta ei praktisk tilnærming i eit raskt og internasjonalt miljø.
- Gode samarbeids- og kommunikasjonsevner, i stand til å tilpasse seg ulike målgrupper.
- Evne til å arbeide sjølvstendig og strukturert.
- Fleksibel og villig til å støtte ei brei rekkje oppgåver knytt til senteret.

Ved vurdering av søkjaren vil vi legge stor vekt på dei personlege eigenskapane som er naudsynte for stillinga.

Vi kan tilby:

- Spanande og utviklande arbeidsoppgåver i eit sterkt fagmiljø
- Moglegheiter for å reisa i Noreg og internasjonalt i samband med prosjekterrelaterte aktivitetar.
- Løn som rådgjevar (kode 1434) 615 799 - 667 700 (lønssteg 63 - 68). For særskild kvalifisert søkjar kan høgare løn vurderast.
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til senterets administrative leiar Maria Sollohub (mail: maria.sollohub@uib.no; tlf. 91585623)

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det medisinske fakultet består av fem institutt og åtte senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 250229, Søknadsfrist: måndag 16. oktober 2023